



Delta Bolig Prosjektering AS
Hykljeflaten 42
5109 HYLKJE

Referanser:

Dykkar: 96e65f07-056d-4cc9-8583-44d0ea6458a2

Vår: 20/366 - 23/7139

Saksbehandlar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

18.08.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om endring av gitt løyve - det er bygd garasje i tilknytning til bustadhus - gbnr 1/2

Me syner til søknad motteke 23.09.22.

Administrativt vedtak. Saknr: 080/2023

Tiltakshavar: Kjell Rune Romarheim

Ansvarleg søkjar: Delta Prosjektering AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) løyve til endring av tiltak for oppføring av garasje i tilknytning til bustad på gbnr. 1/2, Ytre Haugsdal, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 06.09.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal vera målt inn og koordinatar sendt kommunen før det vert søkt om ferdigattest.

Ansvarsrettar i adm. sak 139/2020 vert utvida til også å gjelda garasjedelen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.10	Delt sakshandsaming, endring i løyve	1	2.700,-
	Totalt gebyr å betala		2.700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje i tilknytning til ein bustad på gbnr.1/2, Ytre Haugsdal. Masfjorden kommune oppfattar at garasje no er oppført i samband med oppføringa av bustaden.

Fakta

Det er i sak 139/2020 gjeve løyve til oppføring av bustad på eigedommen. Tiltaket er ikkje nabovarsla då det ikkje vil vera synleg for nokon av dei omkringliggjande eigedommane.

Vurdering

Søkjær opplyser at dei branntekniske krav er ivareteke. Tomten er stor og ein kjem ikkje i konflikt med utnyttingsgraden

Det vert gjeve fritak for nabovarsling for endringa.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Delta Bolig Prosjektering AS

Hykljeflaten 42

5109

HYLKJE